



SØKNAD OM MIDLAR TIL LANDSKAPPLEIKEN 2026 HOVDEN I SETESDAL

Landskappleiken 2026

Setesdal Spelemannslag har blitt tildelt arrangøransvaret for Landskappleiken 2026, som går av stabelen 24.–28. juni. Dette er Noregs største møtestad for alle som er interesserte i folkemusikk og folkedans, og for fyrste gong i historia skal kappleiken finne stad i Setesdal.

Kva er Landskappleiken?

Sidan 1896 har Landskappleiken samla folkemusikkutøvarar og -entusiastar frå heile landet. Arrangementet har utvikla seg til ein årleg samlingsstad for omlag 5 000 menneske i alle aldrar. Målet er å vere ein møteplass på tvers av generasjonar, der tradisjonar blir delte og vidareførte. Med tevlingar, konserter og sosiale møteplassar er Landskappleiken både ei feiring av vår kulturarv og ei arena for dagens utøvarar.

Tevling og Aktivitetar

Landskappleiken inkluderer tevlingar innan dans, kveding, folkemusikkinstrument, hardingfele og fele, med over 1 500 deltakarar frå heile landet. På grunn av Hovden si sentrale plassering mellom Austlandet og Vestlandet forventar vi høg publikumsoppslutning, med opp mot 5 000 tilreisande.

UNESCO Kulturarv

I 2019 vart Setesdal sin kulturarv – inkludert hardingfele, munnharpe, kveding og gangardans – anerkjent av UNESCO som ein del av verda sin immaterielle kulturarv. Etter dette har interessa for Setesdal sin rike tradisjon auka både lokalt, regionalt og nasjonalt. Vi har utvikla læreplanar for barnehagar og skular, og opplæringa i Setesdal sin kulturarv er allereie godt i gang.

Organisering og Hovudarena

Vi har no ei komplett hovudnemnd på plass, med undernemnder for tevling, kultur, arena/teknisk/HMS, mat, økonomi, PR, frivillige, overnatting og stemnekontor. Hovden grendehus med tilhøyrande uteområde er valt som hovudarena for Landskappleiken 2026. I tillegg må vi leige telt for matserving og tevlingar, og vi vil trenge om lag 500 frivillige for å sikre eit godt arrangement.

Økonomi og Støtteordningar

Vi budsjetterer med ei økonomisk ramme på mellom 7 og 8 millionar kroner. Inntektene vil kome frå billett- og matsal, i tillegg til støtte frå næringsliv og offentlege institusjonar. Vi vil med dette søkje om støtte til gjennomføring i 2026. Eit evt. overskot vil gå til rekrutteringsarbeid og opplæring i hardingfelespel, gangardans og kveding. Vårt kont.nr. er 2890.12.93726. På førehand takk.

Med venleg helsing,

Knut Erik Jordstøl
Leiar for hovudnemnda for Landskappleiken 2026

Astri Rysstad
Sekretær for LK26



Setesdal Spelemannslag



LANDS  **KAPPLEIKEN**

Hovden
24.-28. juni
2026